



DET KONGELEGE  
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Landssammenslutninga av norske  
vindkraftkommuner  
Smøla vindkraftkontor  
6570 SMØLA

Dykkar ref

Vår ref  
23/601-1

Dato  
17. mars 2023

## Høyringsbrev - Endringer i elmarknadsdesign - Forslag frå Europakommisjonen

Olje- og energidepartementet viser til forslaga frå Europakommisjonen til endringar i regelverk knytt til elmarknadsdesign og sender med dette forslaga på norsk høyring i tråd med [utredningsinstruksen, 3-3](#). Den norske høyringsfristen er 28. april 2023.

Forslaga, som blei publiserte av Europakommisjonen 14. mars 2023, er knytte til EUs arbeid med den indre energimarknaden. Medlemslanda i EU og i Europaparlamentet skal no forhandle om forslaga. Det er krav om samtykke frå begge institusjonane.

Det eine forslaget er ei forordning om å endre EUs marknadsdesign for elektrisitet. Dei regelverka som blir endra i dette forslaget er Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/943 om den indre marknaden for elektrisitet (elektrisitetsforordningen), Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/942 om opprettinga av eit byrå for samarbeid mellom energireguleringsmyndigheiter (ACER-forordninga), Europaparlaments- og rådsdirektiv (EU) 2018/2001 om auka bruk av fornybar energi (fornybardirektivet) og Europaparlaments- og rådsdirektiv (EU) 2019/944 om den indre marknaden for energi (elmarknadsdirektivet)

Det andre forslaget har som mål å betre vern mot markedsmanipulasjon i engrosmarknaden. Dette forslaget endrar to forordningar som er knytte til den indre energimarknaden, Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 1227/2011 om integritet og transparens i energimarkedet (REMIT-forordninga) og ACER-forordninga (EU) 2017/942.

Du kan lese meir om grunngevinga for endringsforslaga i [pressemeldinga frå Europakommisjonen](#).

Postadresse  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo  
postmottak@oed.dep.no

Kontoradresse  
Akersgata 59  
oed.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
977 161 630

Avdeling  
Økonomi- og  
administrasjonsavdeling

Saksbehandlar  
Kristin Thorvaldsen  
22 24 61 64

Forslaga er publiserte på nettsidene til Europakommisjonen. Per 17. mars 2023 er forslaga kun tilgjengelege på engelsk.

[Proposal for a REGULATION OF THE EUROPEAN PARLIAMENT AND OF THE COUNCIL amending Regulations \(EU\) 2019/943 and \(EU\) 2019/942 as well as Directives \(EU\) 2018/2001 and \(EU\) 2019/944 to improve the Union's electricity market design](#)

[Proposal for a REGULATION OF THE EUROPEAN PARLIAMENT AND OF THE COUNCIL amending Regulations \(EU\) No 1227/2011 and \(EU\) 2019/942 to improve the Union's protection against market manipulation in the wholesale energy market](#)

Vi opplyser om at norske aktørar også kan delta direkte i [høyringa frå Europakommisjonen](#). Europakommisjonens høyringsfrist er 12. mai 2023.

Kommisjonen har i sine forslag merka begge desse forordningsforslaga som EØS-relevante. Regelverka er ikkje ferdigbehandla i EØS-prosess i Noreg. Når EUs institusjonar har vedteke desse forslaga vil dei bli handsama i EØS. Olje- og energidepartementet ber om synspunkt på forslaga som eit grunnlag til å utvikle ein posisjon i den vidare EØS-prosessen.

For å kome med innspel i den norske høyringsrunden kan høyringssida på den digitale løysinga [www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no) brukast. Høyringsinstansar kan registrere seg, mellomlagre innspel og laste opp vedlegg. Innspel kan også sendast til [postmottak@oed.dep.no](mailto:postmottak@oed.dep.no)

Også andre enn dei som står på høyringslista står fritt til å kome med innspel.

Med helsing

Johan Vetlesen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Kristin Thorvaldsen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrevne signaturar*